

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF  
**DATO:** 16.11.2016  
**SAKSHANDSAMAR:** Johnny Heggstad  
**SAKA GJELD:** **Regional innovasjonsstrategi 2016-2020**

**ARKIVSAK:** 2016/3347

**STYRESAK:** **140/16**

**STYREMØTE:** **07.12. 2016**

---

### **FORSLAG TIL VEDTAK**

Styret i Helse Vest RHF sluttar seg til Regional innovasjonsstrategi 2016-2020

## Oppsummering

Med utgangspunkt i HelseOmsorg21 nasjonalt og arbeidet med Helse2030 regionalt, blir det lagt fram ein ny regional innovasjonsstrategi til godkjenning.

## Fakta

Føretaksgruppa i Helse Vest har utarbeida ein ny regional innovasjonsstrategi for dei næraste åra.

Innovasjonsstrategien er teken fram i kjølvatnet av nasjonale føringar, spesielt arbeidet med HelseOmsorg21, der det også er lagt fram ein tiltaksplan.

Innovasjonsstrategien bygger også på det arbeidet som er gjort med ny verksemdstrategi for Helse Vest, Helse2030.

## Kommentarar

Innovasjonsstrategien skal vere eit virkemiddel for å nå felles mål for innovasjon, dette vere seg både nasjonale mål, regionale mål og mål i det enkelte føretaket.

Strategien støttar seg både på Helse2030 strategiarbeidet i i regionen, og HelseOmsorg21 med tiltaksplan i det nasjonale perspektivet. Sjølv om arbeidet med Helse2030 framleis pågår, finn vi det likevel rett å legge fram strategien no.

Dersom det skulle vise seg at det er behov for justeringar etter at Helse2030 er blitt godkjent, så vil vi handtere dette med ei revidering i 2017 når Helse2030 ligg føre i endeleg versjon.

Det er peika ut fire strategiske satsingsområde:

- Psykisk helse og rusbehandling
- Personar med kroniske og samansette sjukdomar
- Kvalitet i behandlinga
- Effektiv ressursbruk

Vidare er det definert fem strategiske verkemiddel for å understøtte områda:

- Auka brukarmedverknad
- Kultur for innovasjon og implementering
- IT og helsedata som regionalt fortrinn
- Organisering og samhandling
- Innovative anskaffingar og næringsutvikling

Vi vil bruke dei etablerte innovasjonsnettverka til å realisere strategien i føretaksgruppa. Nøkkelpunkt her vil vere involvering på tvers i organisasjonen, kommunikasjonstiltak og betre synleggjering av kvardagsinnovasjonar i verksemdene.

Vedlegg:

Regional innovasjonsstrategi 2016 - 2020